

Årskavalkade Volda rideklubb 2007

Dette året har vore svært aktivt for Volda rideklubb. Vi har arrangert mange kurs, og nokre stemner. Dessverre er ikkje alltid vergudane på vår side, så nokre stemner og kurs har blitt avlyst pga. snø.

Medlemstalet har lagt på ca. 40 medlemmer.

Ridetreningsar

Henriette Skjelbred, rideinstruktør som jobba på Fjordane Folkehøgskule ved Nordfjordeid, hadde faste ridetreningsar med oss kvar tysdag fram til midten av april. Då vart ho sjukmeldt, og seinare flytta ho til Trondheim.

Ove Natland, rideinstruktør/lærar ved hestelinja på Mo vidaregåande skule, har hatt helgetreningsar med oss i mars, april, juni, juli, sept, okt og nov. Der har vore stor oppslutnad om ridetreningane hans. Han har også hatt ein teorikveld der han tok for seg sits i riding, og fortalte litt om kjøring.

Marthe Nilsen , flink ryttar frå Tangen som bl.a. har utmerka seg på Dølahest NM, hadde helgetrening med oss i juni. Treninga vart filma, og Marthe gikk gjennom ridinga til kvar enkelt på kvelden. Dette viste seg å vere svært lærerikt.

Kari Adelbaron Øye, instruktør som har budd mange år i Frankrike og rir dressur og sprang på høgt nivå, hadde helgetrening med oss i juli. Ho hadde ein spesiell, men lærerik måte å instruere på, og alle som deltok på kurset var fornøgde og hadde lært noko nytt.

Anja Grønnevik Kirketeig, intruktør trinn 2, starta med å ha ridetreningsar kvar tysdag frå oktober.

Janne Helte, kusk, hadde helgetrening med kjøring i september.

Alle ridelærarane våre instruerer i dressur og sprang, nokre også i kjøring. Det er kjekt med fleire forskjellige instruktørar, for ein kan lære noko nytt av alle. Alle har forskjellige måtar å instruerer på, legg vekt på og ser forskjellige ting. Ein utanforståande kan lure på kvifor dei som kan å ri tar ridetimar? Det er fordi ein aldri kan bli utlært med hest, det er alltid noko nytt å lære, sitsen kan alltid bli betre, m.m. Det er det som gjer det så spennande å ri!

Andre kurs

Felleskjøpet inviterte til føringeskurs i april. Dei hadde fått ein førekspert til å komme å fortelje om føring av hest, og inviterte dei lokale hestelaga til kurs. Ein liten gjeng frå VRK møtte opp og lærte mykje om føring av hest.

VRK arrangerte hovslagarkurs i april, der hovslagar Odd Anders Otterstad informerte om skoing, hovens anatomi, hovsjukdomar, m.m. Dette var ein interessant og lærerikt kurs.

VRK arrangerte dressurdommarkurs i samarbeid med ØRKK. Vi fekk kurshaldar Torun Knævelsrud frå Oslo, som er dressurdommar på høgt nivå (har bl.a. dømt Grand Prix stemner i utlandet og i Noreg). 11 stk deltok på kurset, deltakarane kom frå Volda, Ørsta, Ålesund, Stranda, Hareid og Sula. Vi hadde teoritimar med film ved Volda vgs, og såg på levande hestar i ridehallen i Ørsta. Kurset varte frå fredag til søndag, og vart avslutta med praktisk eksamen i ridehallen. Deltakarane måtte også ha ein teoretisk eksamen som vart fullført heimanfrå. To stk av deltakarane vart dressurdommaraspirantar, dette var Karen Molnes frå Sula rideklubb, og Janita Sporstøl frå Volda rideklubb.

VRK arrangerte førstehjelpskurs på våren, der sjukepleiar Janita Sporstøl var kurshaldar. Deltakarane fekk lære generelt om HLR, sår, kva ein gjer om ulykka er ute, m.m.

Liv Jorunn Nyhagen og Ragnhild Ekornrud var Volda rideklubb sine representantar på sprangdommaraspirantkurs i Ålesund 23. - 25. november. Dermed fekk vi to sprangdommaraspirantar som kan dømme sprangstemner.

Sponsing

VRK har vore aktive med å söke på midlar i år, dette har resultert i at vi har fått sikringsutstyr. Vi har fått fem stk tryggleiksvestar med If Skadeforsikring i vår. Det er påbode å bruke slike vestar i sprang når ein er under 16 år, og er elles ein fordel å bruke under riding. Det kan forhindre skade på rygg og indre organ.

Tryggleiksvestane kan nyttast gratis av medlemmar i VRK.

I haust fekk vi sponsa 20 stk refleksridedekekken og refleksfortøy. Dette vart utdelt gratis til medlemmar i VRK, så no viser vi godt igjen i vintermørket.

Stemner

VRK har arrangert ein del sprang og –dressurstemner i år. Vi har eigne feil-stil-dommaraspirantar og sprangdommarapsirantar i sprang og dressurdommaraspirant.

Årets første stemne vart arrangert 18. mars. Då hadde vi eit klubbstemne for å lage litt aktivitet i vintertida. Der var tilfeldigvis fritt for snø og fine værmeldingar, så vi kunne driste oss til å arrangere eit lite stemne.

8. april prøvde vi oss på å arrangere sprangstemne igjen. Det vart dessverre avlyst pga. snø.

Vi prøvde oss igjen 21. og 22. april. Her skulle vi ha både sprang og –dressurstemne, men det var dessverre avlyst pga. snø.

Neste stemne vart arrangert 19. og 20. mai, i god tru om å sleppe snø denne gangen. Det slapp vi, og vart velsigna med regn i staden. Vi arrangerte utvida klubbstemne i både sprang og dressur.

28. juli arrangerte VRK utvida klubbstemne i sprang og dressur.

Vi skulle arrangere eit stemne i august, men dette vart avlyst pga for få påmeldte.

21. og 22. oktober arrangerte VRK utvida klubbstemne i sprang og dressur.

VRK har blitt godt representert på stemner rundt omkring. Bl.a. fekk Anna Sve/Raknefrikk 2. plass sammenlagt fjordhest NM junior, og Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann gjor det godt under senior NM. Dei fekk bl.a. 2. plass i greinmesterskap dressur. Desse to var 2/3 i "Team Møre og Romsdal" som fekk 2. premie i lagkonkurransen. Med andre ord vart Volda rideklubb godt representert under fjordhest NM i Porsgrunn 2007.

Ein annan ryttar som har gjort det bra på "bortebane" er Johanne Ressem/Lita. Ho har deltatt bl.a. i KM sprang og fått gode plasseringar der.

Andre ting

VRK tek ansvar, og rydda hestemøkk på vårparten. Alle blir oppmoda til å fjerne hestemøkk etter seg, men det er ikkje alltid dette skjer. Som eit motiveringsarbeid for å få folk til å fjerne møkk etter sin egen hest, har rideklubben arrangert "ryddedagar". Der får kvar stall utdelt eit visst område dei må rydde for hestemøkk. Det å plukke andre sin hestemøkk er ikkje kjekt, og får folk til å tenke seg om ein ekstra gang før ein forlèt hesten sin hestemøkk neste gang.

VRK tenker miljø, og samla flasker i Ørsta og Volda sentrum natt til 1. og 17. mai.

VRK arrangerte haustshow ved Solvollen ridebane der medlemmane viste fram sine kunster. Det var vist sprangkvadrilje, voltige (turn på hesteryggen), dressurkvadrilje, høgdehoppkonkurranse, rasepresentasjoner, dressuropvisning, kostyme-gymkhana og laushopping.

Vi fekk den triste beskjeden på starten av året at vi ikkje får utvida leigekontrakten på grunnen der ridebana vår er. Styret har difor jobba aktivt med å finne ny grunn, og det ser pr. dags dato ut til at dette går i boks. Vi vil då flytte ridebana og satsar på å utvide den til 20x60 i same slengen (den noverande bana er på 20x40). Klubben har også eit håp om å få ein ridehall i framtida. Ut frå årsmeldinga kan vi sjå at klubben er aktiv med jamlege kurs og stemner. Om vinteren vert det ofte vanskeleg å arrangere. Ein ridehall hadde vore ei fin løysing på dette, og kunne også auke interessa og hesteaktiviteten endå meir! Arbeid mot ein hall krevjar mykje innsats og aktive medlemmer, så dette er eit mål vi kan arbeide mot.

Leiar Janita Sporstøl